



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Sundag 15. mars 2020 kl. 13:00
Stad:	Facebook videochat
Tilstades:	Erik Bloch, Espen Sørensen, Marius Johannessen, Solveig Lanes, Øyvind Gulliksen (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre:	
Forfall:	Magnus M. Aronsen (Vara), Magnus Molland, Brage Fiskå
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 06/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
RK-sak 07/2020	Godkjenning av referat frå styremøte 05. januar 2020
RK-sak 08/2020	Statusrapport
RK-sak 09/2020	Festivalleir
RK-sak 10/2020	Endring i reglar for matoppgåve/patroljedrift i kretskonkurransen
RK-sak 11/2020	Utlånsordning HLR-dokker
RK-sak 12/2020	Økonomirapport
	Eventuelt

RK-sak 06/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste

Tid og stad vart endra grunna coronaviruset. Kretsstyremøte vart gjennomført gjennom Facebook videochat istadenfor fysisk oppmøte.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merknad om endring i tid og stad.

RK-sak 07/2020: Godkjenning av referat frå styremøte 05. januar 2020

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 05. januar 2020 vert godkjent..

RK-sak 08/2020: Statusrapport

- Emnekveld 31.01.20:
Oppmøte på årets emnekveld i knutar og pionering var overveldande i forhold til dei siste åra, med 35 påmeldte deltakarar og 5 stab.
- Årsmøtet:
Årsmøte vart arrangert i samfunnshuset I Førde og hadde 43 stemmeberettiga.

VEDTAK: Styret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 09/2020: Festivalleir

Det har kome forslag frå Karmøy-gruppene og nokre kretsstyremedlem om at kretsstyret vel eit tema for festivalleiren, også at alle gruppene stiller med ein aktivitet. Dette vert då istadenfor at ein festivalleirkomité skal sitje med ansvaret for heile programmet. Kretsstyret har diskutert kva som skal vere tema i år.

Per dags dato veit me ikkje om festivalleiren kan gjennomførast med tanke på coronaviruset. Dette må me berre sjå ann etter kvart. Kretsstyret planlegg førebels som normalt.

VEDTAK: Kretsstyret vel å gå for det innkomne forslaget. Kretsstyret har valt temaet «Vikingtid» for årets festivalleir. Kretssekretær orienterer gruppene om endringa.

RK-sak 10/2020: Endring i reglar for matoppgåva/patroljedrift i kretskonkurransen

Det er føreslått å forby bruk av eingongsartiklar under matoppgåva under kretskonkurransen. Dette er føreslått både med tanke på miljøperspektivet og fordi det lettar oppvasken for patroljane som brukar eingongsartiklar under konkurransen.

VEDTAK: Kretsstyret støttar forslaget om forby bruk av eingongsartiklar under matoppgåva på kretskonkurransen. Kretskonkurranseskomiteen utarbeidar nye vurderingskriteriar for matoppgåve/patroljedrift.

RK-sak 11/2020: Utlånsordning HLR-dokker

Kretsen har motteke ein hjartestartar og hlr-dokker (anne-dokker) frå forbundet. Meling speidargruppe tok initiativ til å søkje om dette. På kretstinget 2020 vart det diskutert ein utlånsordning for hlr-dokkene. Fleire grupper ytra ynskje om at dokkene skulle vere plassert meir sentralt i kretsen. Kretsstyret fekk i oppgåve å lage ei utlånsordning. Kretsstyret ynskjer å involvere Meling speidargruppe i denne prosessen, og har difor spurt Meling om kva dei tenkjer.

Meling speidargruppe foreslår at dei skal ha ansvar for utlån, oppbevaring og vedlikehold. Dokkene vert då plassert på Meling og dokkene må hentast her.

Kretsstyret drøfta forslaget til Meling speidargruppe. Dei trur at få vil nytte seg av tilbudet dersom dei er på Meling. Difor ynskjer kretsstyret at hlr-dokkene skal vere meir sentralt plassert i kretsen. Kretsstyret foreslår at Meling speidargruppe kan ha dokkene på Meling, men at dei må køyre dokkene til Lier eller møte dei som skal låne dokkene på halvvegen. Kretsstyret meiner då at Meling får behalde dokkene store delar av tida. Alternativet vert at dokkene er plassert på Lier og at kretsskretær har ansvaret for utlån.

VEDTAK: Kretsstyret har avtalt med Meling speidargruppe at Meling deltek på neste kretsstyremøte for å diskutere saka vidare.

RK-sak-12/2020: Økonomirapport

Kretsstyret har ingen merknadar.

VEDTAK: Økonomirapporten vert godkjent.

Eventuelt

- Etter anbefalingar frå forbundet og folkehelseinstituttet har kretsstyret vedtatt å avlyse Kretskonkurransen og kretsens helg p.g.a coronaviruset. Kretssekretær orienterer gruppene om dette.